

«BOMULLSBARN»

Barnehagekonferansen 2025

MODERNE FORELDRESKAP

Elin Førde

Høgskulelektor, PhD. cand. og
barnehagelærer

Institutt for pedagogikk




HØGSKULEN I VOLDA



«ABSENT PRESENCE»

(Jaques Derrida)



Agenda

- Ein lærarutdannar sitt perspektiv
- Utfordringar for foreldrerolla i det postmoderne samfunnet - eit historisk perspektiv
- Moderne foreldreskap i lys av Foucault



Ein lærarutdannar
sitt perspektiv



Nye forteljingar frå barnehagen...

Gjennom studentaktive arbeidsformer som rollespel og diskusjonar avdekkar studentane at dagens foreldregenerasjon strekker forståinga av formålsparagrafen svært langt:

- Auka fokus på eigne/eige barn samanlikna med tidlegare
- Større krav til individuell tilpasning til eigne barn
- Bruk av appar forsterkar utfordringane



Korleis kan vi forstå fenomenet?

- Utfordringar for foreldrerolla i det postmoderne samfunnet



SAMFUNNSENDRINGAR

Familien i det moderne samfunn, prega av strukturelle vilkår:

1. Avtradisjonalisering
2. Globalisering
3. Individualisering

(Glaser, 2018)



1. Avtradisjonalisering

- Avtradisjonalisering: gamle normer borte ➡ meir usikkerheit (Giddens, 1991)



HØGSKULEN I VOLDA

Endringar i familiens funksjon (Denick et al., 2008)

Frå produksjonsfellesskap til reproduksjonsfellesskap:

Tidlegare levde ein i større grad i bondesamfunn der familiar var samla rundt eit arbeidsfellesskap og produksjonsfellesskap og fleire generasjonar vaks opp saman, gjerne på den same garden eller det same huset  automatikk i at normer og verdiar gjekk i arv når det kom til mellom anna å oppdra barn.

I dag er vi ikkje lenger avhengig av felles arbeid for å overleve.

Konsekvens:

Den moderne familien står friare til å velje kva verdiar som skal ligge til grunn for oppdraging. Individet står friare til å skape sin eigen identitet i foreldrerolla, og

Barn står meir fram som sjølvstendige individ (endra syn på barn og barndom)

(Glaser, 2018)



Foreldrerolla i endring

Kjenneteikna av:

- færre barn, ein blir foreldre seinare, fleire samlivsbrot

Fleire er:

- Steforeldre
- Bonus foreldre
- Bonus besteforeldre
- Fosterforeldre
- ...



Familietypar i endring

TIDLEGARE: Kjernefamilie

NO: Eit mangfald familiekonstellasjonar:

- Eineforeldre
- Regnbogefamiliar
- Innvandrarfamiliar
- Pendalarfamiliar
- Delt bustad etter samlivsbrot
- Transnasjonale familiar
- ...



Ekspertsystema (Giddens, 1994, 2003)

- **Avtradisjonalisering** har gjort foreldre avhengige av ekspertsystema som erstatning for tidligere ansikt-ansikt relasjonar.
- Foreldre blir «henvist» til å ha tillit til ekspertsystema
- Utvikling av foreldrekompetanse – **eit individuelt omsorgsprosjekt** der det er opp til den enkelt å skaffe seg nødvendig kunnskap om barn og unge





2. Globalisering

Verda har blitt mindre:

- Auka geografisk mobilitet
- Internett

Endringar i det sosiale systemet (Ziehe, 1989)

- **Geografisk mobilitet** i kombinasjon med «utdanningssamfunnet» vårt gjer at unges livsløp frikoplast meir frå sosial bakgrunn
- **Hyppigare flytting** – krevjande med avlastningsmogelegheiter for førstegangsførelde
- **Sosiale nettverk** representerer ei viktigare støtte, og vener blir viktigare for emosjonell støtte og foreldrepraksis enn tidlegare.
- **Barnehagen har blitt ein arena** der ein kan utveksle erfaringar (Glaser, 2018)



Internett/Sosiale medier

- Foreldre møter oppdragingstips frå heile verda på Instagram, TikTok, podkastar, mammabloggar, avisinnlegg osv.
- Berre eitt «klikk» unna

Døme på oppdragingstips

Saksa frå Klikk.no



**Ekspert om barneoppdragelse:
– Disse fire rådene bør foreldre
følge**

Saksa frå
Klikk.no



Klikk.no · Følg

4 t · 🌐



– Akkurat når man trodde at det ikke kunne legges mer press på verken barn eller foreldre, har det kommet en ny angstfremkallende trend til byen 🧵👉



👍👎👉 69

18 kommentarer 8 delinger

Saksa frå
Morgenbladet



Morgenbladet

10 t ·



Vi må også snakke om hvordan vi skal ruste oss foreldre, skriver Line-Marie Warholm. (M+)



morgenbladet.no

(+) Misforstått om robusthet og barns emosjonelle behov



1



HØGSKULEN I VOLDA

Ein fotnote i ny avhandling om foreldreomsorg og barnehagepedagogikk

«De siste tiårene har medieinteressen for foreldreskap, men også barnehager, vokst kraftig.

Et søk i mediasaksdatabasen Retriever på «**foreldre**» begrenset til mediasaker (aviser, radio og TV) i Norge i tidsrommet 1964–2023, viser at mens det i perioden **1964–1982** ble publisert rundt **500** saker i året om foreldre, har det årlige antall publiserte saker i perioden **2010–2023** holdt seg et sted mellom **82 436 og 112 538**.

Et tilsvarende søk på «**barnehage**» viser en lignende bevegelse fra **33 mediasaker** årlig i 1964, til 2 557 i år 2000, 57 774 saker i 2010 og deretter mellom **43 474 og 66 738 årlige saker** (Angell 2025, s.1).»

3. Individualisering

- Sjølvrealisering
- Optimalisering av barndommen
- Endring i syn på barn



Det individfokuserte barnet

Satsing på individet og optimalisering av barndommen:

«Baserer seg på nyliberale ideer som igjen baserer ideologien sin på markedsorientering med utbytte, fleksibilitet, effektivisering og nytte som verdinorm»

Konsekvens:

«Diskursen om eit antroposentisk barn i sentrum sammen med en utviklingsorientert teori om barn, produserer et psykologisk barn som *mottaker og trengende*»

(Otterstad, 2018 s. 259)

Uvisse i foreldrerolla

Barn brukar ofte meir tid saman med profesjonelle omsorgsgjevarar enn foreldre – kan gje usikre foreldre. **Pedagogisk leiar** blir ein rollemodell og pedagogiske førebilete

Dagens foreldre må finne opp barneoppdragelesen på nytt (Juul, 2006) >>>

- Curlingforeldre
- Helikopterforeldre
- Hyperforeldre –stramt skjema, borna har lange dagar i bhg. og mange fritidsaktivitetar



BOMULLSBARN



Nabopratt

Kort prat med
sidemannen/dama:

1. Gjev teoriane meining? Er dette noko de kan kjenne att?
2. Er der andre forhold som spelar inn (som ikkje er nemnde her?)



Moderne foreldreskap i lys av Foucault



Michel Foucault (1926 -1984)



Diskurs

- Foucault definerte aldri omgrepet diskurs, men omgrepet viser til ein måte å tale/snakke på, eller føre ein tale/eller samtale.
- Foucault er av den oppfatning at alle menneske er aktørar fanga av ein diskurs som ein del av eit sosialt spel
- Foucault er oppteken av korleis diskursar vert danna og verkar

(Foucault, 1999, s. 7).

Makt

Foucault peikar på at makt sirkulerer i relasjonar, ikkje berre ligg hos den eine (Foucault, 1978/1998).

I foreldresamarbeidet kan vi derfor sjå makt som noko som vert forhandla. Makt handlar ikkje om å «vinne», men om korleis vi forhandlar om rammene rundt barnet.

Sjølvt Teknologi (Foucault, 1988)

Sjølvt Teknologi viser til metodar og teknikkar individ nyttar til å forme, regulere og seg sjølve.

Når foreldra set høge krav, er det ikkje alltid fordi dei vil vere vanskelege – men fordi dei sjølve er innfanga i diskursar som seier at «gode foreldre skal alltid optimere barnet».

Her kan vi forstå foreldra sin uro som ein *sjølvt Teknologi* og ein måte dei formar sin eigen identitet som «ansvarlege» og «perfekte» foreldre, gjennom å ta i bruk ekspertkunnskap, apper og råd



«Intensivt foreldreskap» og krav til barnehagen

- I forskning vert det ofte omtalt som intensive parenting (Hays, 1996).
- Foreldre skal «optimalisere» barnet → krev mykje av seg sjølve og barnehagen
- Diskurs: gode foreldre = dei som alltid gjer meir.
- Foreldresamarbeid prega av forventningar om partnerskap og service.



STORE KRAV TIL
BARNEHAGEN



Når barnehagen blir sett som «arena for investering» i barnet

Barnehagen lett vert trekt inn som ein del av denne logikken:
foreldre ser institusjonen som ein arena for å optimalisere barnet –
ikkje berre ein stad for leik, fellesskap og trivsel.

Avslutning

Viktig å reflektere over at diskurs heng saman med makt. Det å snakke om (definere) dagens foreldre som kravstore er ein form for diskurs som produserer makt. Difor er det viktig å vere bevisst på korleis diskursen har blitt danna og kva subjekt det produserer.

Diskurs - eit omgrep til støtte for kritiske tenking.

Barnehagen som institusjonen blir i våre dagar utsett for stor påverknad utanfrå, og omgrepet kan vere eit nyttig verktøy når det kjem til å avdekke kva krefter som er i sving, for å få auge på det som er

«ABSENT PRESENCE»

Takk for meg! 😊

Litteraturliste

Beck, U., & Beck-Gernsheim, E. (2002). Individualization. SAGE.

Foucault, M. (1999). Diskursens orden. Tiltredelsesforelesning holdt ved Collège de France 2. desember 1970. Oslo: Spartacus.

Foucault, M. (1998). The history of sexuality: Vol. 1. Penguin.

Giddens, A. (1991). Modernity and self-identity. Polity Press.

Glaser, V. (2018). Foreldresamarbeid: Barnehagen i et mangfoldig samfunn. Universitetsforlaget

Litteraturliste

- Hammer, S. (2017). Foucault og den norske barnehagen: Introduksjon til Michel Foucaults analytiske univers. Fagbokforlaget.
- Hays, S. (1996). The cultural contradictions of motherhood. Yale University Press.
- Otterstad, A. M. (2018a). Kritiske perspektiver og barnehagepedagogikk(er). I T. Lafton & A. M. Otterstad (Red.), Barnehagepedagogiske linjeskift (s. 246-273). Fagbokforlaget.
- Ryan, S., & Grieshaber, S. (2005). Shifting from developmental to postmodern practices in early childhood teacher education. Journal of Teacher Education, 56(1), 34–45.
<https://journals.sagepub.com/doi/abs/10.1177/0022487104272057>